



Arkivnr: 2014/14976-1

Saksbehandlar: Jan Nordø og Lars Øyvind Birkenes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		13.05.2014
Fylkesutvalet		20.05.2014

Fråsegn til melding om konsekvensutgreiingsprogram for Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad og Etne kommunar

Samandrag

Sunnhordland Kraftlag (SKL) ønskjer å auka produksjonen i Blådalsvassdraget ved opprusting og etablering av Fjellhaugen kraftverk.

Tiltaket er ei stor kraftutbygging i regionen med ein produksjonsgevinst på 70 GWh/år. Netto utbyggingspris er 10,7 kr/kWh. Iflg. tiltakshavar vil høg utbyggingspris bli meir enn kompensert av redusert brukstid med høgare marknadspris på prisgunstige tidspunkt i sesongen og veka. Det vil bøta på dagens situasjon med mykje tvungen produksjon til låge prisar og overløp. Prosjektet vil inngå i regulerbar kraftproduksjon.

Konsekvensane for ålmenne interesser er i hovudsak knytte til landskap, fisk og friluftsliv. Fjellområdet mellom Blådalen og Åkrafjorden har i så måte særleg stor verdi og må få særleg merksemd i utgreiingsprogrammet. Området er til dels inngrepsfritt (INON) og har stort potensiale for naturoppleving.

Kraftanlegga pregar landskapsbiletet i sjølve Blådalen i dag. Anleggsvegar og kraftliner er framførte i området, og dammar og inntak etablerte. Konfliktnivået i denne delen av utbyggingsområdet er lågare.

Med naudsynte utgreingar og justeringar meiner Hordaland fylkeskommune at prosjektet vil kunne bidra til Klimaplan for Hordaland sine mål om å auka produksjonen av fornybar energi med minst mogleg arealkonfliktar og effektivisering av eksisterande kraftverk, utan tap av naturmangfald.

Forslag til innstilling

1. Oversiktskart som syner eksisterande kraftverk i området og område med særskilt vern skal vera del av søknaden.
2. Kart med innteikna kraftverk, inntak, vassveg, tilkomstvegar, anleggsvegar, kraftliner, tippar og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
3. Konesjonssøknaden må ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse.
4. I område der utbygging kan føra med seg skade på natur- og artstypar av stor verdi eller område med potensiale for slike, skal det kartleggjast. Aurebestanden i Vetrhusvatna skal ha særleg høg prioritet.
5. Grundig kartlegging og vurdering av konsekvensar for landskap og friluftsliv må vera del av utgreiinga. Fjellområdet mellom Blådalen og Åkrafjorden skal ha særleg høg prioritet.
6. Avbøtande tiltak i høve til fisk, landskap og friluftsliv skal vurderast.
7. Konesjonssøknad skal innehalda fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierende vassføring.
8. Bekkeinntak ved Krokavatn må primært trekkjast ut av planen; sekundært må det stillast krav om minstevassføring i bekken. Frå bekeinntaka frå Verahaugen og Kvanngårdhorga må det stillast krav om minstevassføring.
9. Det skal leggjast kraftkabel frå Fjellhaugen kraftverk gjennom tilkomsttunnell og vidare i grøft til koplingsanlegget ved Blåfalli III slik hovudalternativet skisserer.
10. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfylging av undersøkingsplikta etter kulturminnelova.
11. Som del av planprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.04.2014

1. Innleiing

NVE har motteke melding frå SKL Produksjon AS om opprusting og utviding for auka produksjon i Blådalsvassdraget. Planen er å etablere Fjellhaugen kraftverk mellom Midtbotnvatn og Fjellhaugen. Med dei nye planane vil netto årsproduksjon auka med om lag 70 GWh i vassdraget.

Meldinga blir handsama etter reglane om konsekvensutgreingar i plan- og bygningslova.

Føremålet med meldinga er å klargjera kva for konsekvensar tiltaket kan få for miljø, naturressursar og samfunn, og kva ein bør ta omsyn til under den vidare planlegginga. Med grunnlag i meldinga og merknadene til denne vil NVE fastsetja eit program for kva slags konsekvensutgreingar som skal følgja ein eventuell søknad.

Meldinga er på høyring frå NVE med frist 02.06.14.

2. Meldinga

2.1. Områdeomtale

Det planlagde kraftverket ligg i Blådalsvassdraget i Kvinnherad og Etne kommunar. Blådalsvassdraget har utspringet sitt på sørsida av Folgefonna og renn ut inst i Matersfjorden.



Fig. 1 Kart over Blådalsvassdraget med eksisterande og foreslegne anlegg

2.2. Prosjektskildring

SKL Produksjon AS er eigar av og driv 5 kraftverk i Blådalsvassdraget i Kvinnherad og Etne kommunar med ein samla installert effekt på 360 MW og årsproduksjon på om lag 1 300 GWh.

Fjellhaugen kraftverk vert eit fjellanlegg med tilkomsttunnel, vasstunnellar, kraftstasjon og trafoanlegg, med tilkomst søraust for Staffivatn. Nedbørsfeltet som skal nyttast i kraftverket, er Midtbotnvatn og Sandvatn, som begge er omfatta av eksisterande konsesjonar. I tillegg vil bekkefeltet Krokavatn (Etne kommune), Kvanngrødhorga og Verahaugen verta overførte til ein ny produksjonstunnel via greintunnellar/borehøl. Alle feltet vert i dag utnytta gjennom anlegg som vil få redusert produksjon når ein etablerer Fjellhaugen kraftverk.



Fig. 2 Den nordlege delen av Blådalsvassdraget mot Folgefonna. Nærmast Blådalsvatn til venstre og Midtbotnvatn til høgre.

Det totale nedbørsfeltet utgjer 63,6 km², med ei gjennomsnittleg vassføring på om lag 10 m³/s. Samla tunnallengder knytte til kraftverket vert om lag 13 km, og tilkomsttunnellen utgjer om lag 0,5 km av dette. Vasstunnellen skal etablerast ved hjelp av tilkomsttunnellen og tverrslag ved Midtbotnvatn og ved vegen til Vetrhusvatna. Tunnelmassane skal leggjast i tre deponi, ved Staffivatn, ved avkøyrsla til Vetrhusvatna og mellom Blådalsvatn og Midtbotnvatn, i alt 820 000 m³.

Fjellhaugen kraftverk får ein installert effekt på om lag 150 MW, og ein gjennomsnittleg årsproduksjon på om lag 325 GWh. Utbygginga vil føra til redusert produksjon i Blåfalli III H, Blåfalli III L og Blåfalli V. Netto innvunnen energi vert om lag 70 GWh. Omtrent 60 GWh vert produsert ved betre utnytting av dei eksisterande reguleringane, medan om lag 10 GWh kjem frå dei omsøkte bekkeinntaka.

Kraftverket skal knytast til Statnett sin kopleingstasjon ved Blåfalli III via ein jordkabel, alternativ luftline, på om lag 1,5 km.




Fig. 3 Kart over det foreslegne alternativet. Vetrhusvatna med Krokvelva i lyseblått til venstre.

Utbygginga er kostnadsrekna til kr 750 mill.. Det gjev ein relativ utbyggingskostnad på 10,7 kr/kWh, basert på auka nettoproduksjon på 70 GWh/år. Bygging av Fjellhaugen kraftverk vil utløysa realisasjonar og sparte kostnader i eksisterande kraftverk i vassdraget på til saman om lag kr 75 mill.. Netto utbyggingskostnad vert dermed om lag kr 675 mill., som gjev en relativ utbyggingskostnad på om lag 9,6 kr/kWh.

Iflg. tiltakshavar vil høg utbyggingspris bli meir enn kompensert av redusert brukstid med høgare marknadspris på prisgunstige tidspunkt i sesongen og veka. Det vil bøta på dagens situasjon med mykje tvungen produksjon til låge prisar og overløp. Prosjektet vil inngå i regulerbar kraftproduksjon.

Det vert elles vist til nøkkeltal i tabellane under og på neste side.

Fjellhaugen kraftverk	Brutto	Netto
Produksjon (GWh)	325	70
Utbyggingskostnad p.t. (MNOK)	750	
Relativ utbyggingskostnad (kr/kWh)	2,3	10,7

	Kraftverk totalt	Inntak Midtbotnvatn	Inntak Sandvatn	Inntak Krokavatn	Inntak Kvanngjørhorga	Inntak Verahaugen
Nedbørfelt (km ²)	63,7	52,4	4,8	4,5	1,4	0,6
Gjennomsnittleg vassføring (m ³ /s)	9,97	8,28	0,71	0,72	0,19	0,07
Inntakskote (m.o.h.)	700-771	695	797	ca. 800	ca. 800	ca. 800
Vassveglengd (m)	12 730	9 830	800	1 700	190	210
Auka vinterproduksjon (GWh)	75,8	58,5	4,8	5,2	5,4	1,9
Redusert sommarproduksjon (GWh)	-5,8	-4,5	-0,4	-0,4	-0,4	-0,1
Auka produksjon årleg (GWh)	70*	54,0	4,4	4,8	5,0	1,8
Utbyggingskostnad (mill. kr.)	745	678	19	36	6	6
Utbyggingspris (kr/kWh)	10,7	12,6	4,3	7,5	1,2	3,3

* Produksjonen i Fjellhaugen kraftverk blir i gjennomsnitt ca. 325 GWh pr. år, men på grunn av redusert produksjon i Blåfalli III H og Blåfalli blir netto innvunnen ny energi ca. 70 GWh.

2.3. Utgreiingsprogram

Det skal gjennomførast ei konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova. Meldinga legg opp til eigne fagutgreiingar for desse fagtema:

- Hydrologi
- Naturmiljø og naturmangfald
- Landskap, kulturminne og kulturmiljø
- Fisk og ferskvassbiologi, inkludert vasskvalitet og ressursar
- Samfunn; reise- og friluftsliv

Andre tema vil verta omtalte utan at ein vil laga eigne utgreiingar for dei.

3. Verknad for natur og samfunn

3.1. Kulturminne og kulturmiljø

Det ligg ikkje føre opplysningar om freda kulturminne, tufter eller byggverk i tiltaks- eller influensområdet. I følgje kulturminnedatabasen *Kulturminnesøk* og nyare undersøkingar i området finst det eit arkeologisk utmarksminne, ei tuft frå etterreformatorisk tid, nordvest og like nedanfor Nedre Vetrusvatn. Fortidsminnet ligg utanfor tiltaksområdet og vil ikkje verta påverka.

3.2. Landskap

Landskapsbiletet er karakteristisk med utspring i breplataet på Folgefonna; eit storkupert og variert fjellandskap med djupe dalar og høge fjelltoppar.

Kraftanlegga pregar landskapsbiletet i Blådalen i dag. Anleggsveggar og kraftliner er framførte i området, og dammar og inntak etablerte.

Effektane av vassføringsendringane vil vera størst nedstraums dei tre bekkeinntaka. Restfeltet frå inntaka og ned til der bekkene frå Verahaugen og Kvanngjørhorga går inn i Blåelva, utgjer i overkant av 80 % av det totale nedbørfeltet. Her kan ein derfor rekna med at mindre enn 20 % av vassføringa vert fråført når ein også tek omsyn til pålagt slepp av minstevassføring.

Redusert vassføring frå Kvanngjørhorga og Verahaugen er iflg. tiltakshavar forventa å ha dei største landskapsmessige verknadane. Tunnellmassane er foreslått deponert i dagen i nærleiken av tverrslaga. Ved god landskapstilpassing til områda rundt meiner tiltakshavar at massen vil kunna kamuflerast godt, også gjennom naturleg vegetasjon.

Tiltaket vil påverka INON-område (inngrepsfrie naturområde) med ein reduksjon av areal i sone 2 (område mellom ein og tre km frå inngrep) på om lag 2,5 km². Dette er hovudsak knytt til inntaket ved Krokavatn.

3.3. Biologisk mangfald

Tiltaksområdet ligg hovudsakleg over tregrensa. Berggrunnen i vassdraget er dominert av sure bergartar som granitt og gneis. Fjellformasjonane er eksponerte og består av bart fjell og snaumark med skrinn og middels frisk vegetasjon. Tre særreigne naturtypar (elvedelta, naturbeitemark, edellauvskog) er registrerte i og nær Blådalsvassdraget, men tiltaket ligg utanfor desse. Floraen i området synest generelt av triviell karakter og vanleg for denne landskapstypen.

3.4. Fisk

Overføring av bekkeinntak frå Krokavatn vil føra til redusert vassføring nedstraums inntaket. Bekken drenerer til Øvre Vetrusvatn, som har ein liten, men storvaksen aurebestand. Iflg. tiltakshavar er det ikkje venta konsekvensar for aurebestandane i Blådalsvatn, Brandvikvatn eller Fjellhaugvatn.

3.5. Samfunns- og brukarinteresser

Kraftutbygginga i Blådalen har gjort området godt tilgjengeleg. Områda vert nytta til reise- og friluftsliv. I dag går vegen like til Møsevatn, tett innpå Folgefonna. Ved Fjellhaugen er det bygt eit skisenter med eit omfattande løypenett. Det er fleire organiserte reiselivsaktivitetar i området.

Iflg. tiltakshavar vil utbygginga i liten grad påverka tilhøva for reise- og friluftsliv.

Utstyr, varer og tenester i anleggsfasen vert kjøpt frå lokale og regionale leverandørar. Det vil vera positivt for næringslivet og sysselsetjinga i området.

Behovet for arbeidskraft lokalt i anleggsfasen vil vera om lag 100 personar i tre år. Tilreisande arbeidskraft gjev tilskot til det lokale næringslivet gjennom større etterspurnad etter forpleiing, overnatting, generell service osv..

SKL Produksjon AS har ved analyse av eksisterande kraftanlegg i Blådalsvassdraget funne at tilegjengelege vassressursar gjennom planen kan utnyttast meir optimalt. I tillegg vil eit nytt kraftverk gi auke i ny fornybar regulert energiproduksjon som kan nyttast når behovet er størst.

4. Vurdering

Hordaland fylkeskommune har vurdert meldinga med forslag til konsekvensutgreiingsprogram som sektormyndede innan kulturminnevern. I vurdering av prosjektet i høve til regionale omsyn har vi nytta Klimaplan for Hordaland 2010-2020, Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke¹ og Område for friluftsliv². Det er vidare referert til verdikart og retningsliner i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland då det ikkje er utarbeidd retningsliner for større vasskraftutbyggingar.

Klimaplan for Hordaland slår fast følgjande overordna mål og strategiar for energiproduksjonen:

Mål for energi: *Energibruken skal reduserast og gjerast berekraftig gjennom effektivisering og bruk av fornybar energi. Innan 2030 skal energibehovet til alle føremål i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.*

¹Aurland Naturverkstad, 2011. På oppdrag frå Hordaland fylkeskommune.

²Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige friluftsområde i Hordaland; Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, 2008

Strategi C: Hordaland skal vera ein føregangsregion i produksjon av fornybar energi

Delmål 9: Hordaland skal produsera energi frå fornybare kjelder og med minst mogleg arealkonfliktar. Ein skal ta omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar i fylket, jfr. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.

4.1. Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje kjente funn av automatisk freda kulturminne i området som skal vurderast etter Samla Plan for utbygging av Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad/Etne kommune. Det vert vurdert at potensial for funn av slike innanfor tiltaksområdet er forholdsvis lite. Einaste unntaket kan vera området rundt Nesjastøl som ligg om lag 300 meter aust-søraust for den planlagde kraftstasjonen i sørenden av Staffivatnet.

Røyrgate/vassoverføring vil i all hovudsak gå i tunnel, og området er forholdsvis forstyrta av utbygging med damanlegg og anleggsveggar m.m. frå før. Utbygginga vil heller ikkje råka kjende kulturminne frå nyare tid direkte.

Utbygginga vil truleg ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Konsekvensane er knytt til eventuell visuell påverknad på nærliggjande kulturmiljø som til dømes på Nesjastøl og Bjørnabøle. Sistnemnde er alt påverka visuelt av tidlegare utbygging.

Kor vidt det vert stilt krav om undersøkingar i høve til undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminnelova i denne saka kjem an på plassering av kraftstasjon og nærføring til ovanfor nemnde kulturmiljø på Nesjastøl. Det er ikkje sikkert at tiltak vert synleg frå stølsområdet i det heile då vedlagde kartskisser er forholdsvis grovmaske.

4.2. Landskap

I «Verdivurdering av landskap i Hordaland» vert Blådalen klassifisert som «låg fjellsdal av middels verdi». Fjellet der dei tre bekkeinntaka frå Verahaugen og Kvanngårdhorga og ved Krokavatn er planlagd, kjem i klassen storkupert hei av middels til stor verdi, medan dei inste delane av utbyggingsområdet mot Midtbotnvatn grensar mot «storfonna og alpine fjellmassiv av middels verdi».

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk vert dei same fjellområda verdsette til sårbare høgfjellsområde av middels til stor verdi. Størst verdi får områda rundt og sør for inntaket ved Krokavatn i Etne kommune. Denne delen av utbyggingsområdet blir klassifisert både som «sårbart høgfjellsområde av stor verdi» og «inngrepsfritt naturområde av stor verdi». Dessutan grensar området mot ein del av Åkrafjorden som fylkesdelplanen karakteriserer som «fjordlandskap av stor verdi».

I **sårbart høgfjell** gjev fylkesdelplanen m.a. slike rammer:

1. *I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vera restriktiv med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen.*
2. *I andre område med sårbart høgfjell bør ein vise varsemd med løyve til ny kraftutbygging, spesielt i eksponerte område mot viktige reiselivsområde og verdifulle friluftsområde.*

Det er først og fremst bekkeinntaka og i sær inntaket ved Krokavatn som kjem i konflikt med landskapsverdiane i området. For Krokavatn vert konfliktnivået for temaet vurdert som *høgt*; for dei to andre inntaka som *middels*. Konfliktnivået vert forsterka av at både Blådalen og fjellområda rundt er viktige for reise- og friluftslivet.

Med bakgrunn i konfliktnivået vil Hordaland fylkeskommune frarå utbygging av bekkeinntak ved Krokavatn. Når det gjeld bekkeinntaka frå Verahaugen og Kvanngårdhorga bør det av visuelle omsyn stillast krav om minstevassføring på nedsida av inntaka.

Som utgreiingsprogrammet legg opp til, er det viktig med utgreiing og visualisering av område for deponering av tunnellmassar og elvestrekk med fråført og endra vassføring.

4.3. Biologisk mangfald

I verdikart for biologisk mangfald i Fylkesdelplanen for småkraftverk er det ikkje registrert verdfulle naturtypar eller raudlista arter i influensområdet. Det er likevel naudsynt med ei grundig kartlegging av raudlisteartar og artar som er omfatta av Miljødirektoratet sine handlingsplanar.

4.4. Fisk

Iflg. tiltakshavar har Øvre Vetrhusvatn «ein liten, men storvaksen aurebestand av god kondisjon. Rekrutteringa til bestanden er truleg avgrensa av mangel på tilfredsstillande gytebekker. Det er usikkert om bekkefeltet frå Krokavatn er eigna gytebekk» (s. 31 i meldinga).

I Fylkesdelplanen for små vasskraftverk er det i høve **fisk** gjeve slike rammer:

4. *Gyteområde for innlandsfisk må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden eller gjev vesentleg negativ innverknad for fiske.*

P.g.a. redusert vassføring vert konfliktpotensialet ved utbygging av bekkeinntak ved Krokavatn vurdert som *høgt* for temaet. Vetrhusvatna og bekkefelt frå Krokavatn må derfor utgreiast med omsyn til konsekvensar for gyting og framtidig rekruttering av aure.

Som utgreiingsprogrammet legg opp til, må undersøkingane elles gje ei oversikt over artane som finst i bekkar og vatn som vert påverka, og konsekvensar av utbygginga.

4.5. Friluftsliv

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk er det i høve **friluftsliv** gjeve slike rammer:

1. *Ein bør visa varsemd ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkja å gjera tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.*

I verdikart til planen vert Blådalen klassifisert som regionalt friluftsområde av nokon til middels verdi, men den mest attraktive delen, fjellområdet over mot Åkrafjorden, er ikkje registrert. Dette terrenget har dei høgste landskapsverdiane i utbyggingsområdet (sjå 4.2) og storvaksen aure i nokre av vatna (sjå 4.4). Iflg. tiltakshavar er dessutan fjellet i aktiv bruk som sommararbeite for lam og sau.

Sidan utbyggingsområdet i høve friluftslivet til dels er dårleg kartlagt, må det i utgreiingsprogrammet gjerast greie for bruken av *heile* området i dag, i sær dei ikkje registrerte fjellområda mot Åkrafjorden, rekreasjonsverdien og potensialet for meir bruk.

Utbyggjar må dessutan vurdera korleis ei gjennom avbøtande tiltak, t.d. kultivering og biotopjustering av fiskeplassar, kan gjera området meir attraktivt for friluftslivet.

5. Oppsummering og tilråding

Tiltaket er ei stor kraftutbygging i regionen med ein produksjonsgevinst på 70 GWh/år. Netto utbyggingspris er 10,7 kr/kWh. Iflg. tiltakshavar vil høg utbyggingspris bli meir enn kompensert av redusert brukstid med høgare marknadspris på prisingstidspunkt i sesongen og veka. Det vil bøta på dagens situasjon med mykje tvungen produksjon til låge prisar og overløp. Prosjektet vil inngå i regulerbar kraftproduksjon.

Konsekvensane for ålmenne interesser er i hovudsak knytte til landskap, fisk og friluftsliv. Fjellområdet mellom Blådalen og Åkrafjorden har i så måte særleg stor verdi og må få særleg merksemd i utgreiingsprogrammet. Området er til dels inngrepsfritt (INON) og har stort potensiale for naturoppleving.

Kraftanlegga pregar landskapsbiletet i sjølve Blådalen i dag. Anleggsveggar og kraftliner er framførte i området, og dammar og inntak etablerte. Konfliktnivået i denne delen av utbyggingsområdet er lågare.

Med naudsynte utgreiingar og justeringar meiner Hordaland fylkeskommune at prosjektet vil kunne bidra til Klimaplan for Hordaland sine mål om å auka produksjonen av fornybar energi med minst mogleg arealkonfliktar og effektivisering av eksisterande kraftverk, utan tap av naturmangfald.

Hordaland fylkeskommune stiller følgjande krav til konsekvensutgreiingsprogrammet:

1. Oversiktskart som syner eksisterande kraftverk i området og område med særskilt vern skal vera del av søknaden.
2. Kart med innteikna kraftverk, inntak, vassveg, tilkomstveggar, anleggsveggar, kraftliner, tipper og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
3. Konesjonssøknaden må ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse.
4. I område der utbygging kan føra med seg skade på natur- og artstypar av stor verdi eller område med potensiale for slike, skal det kartleggjast. Aurebestanden i Vetrhusvatna skal ha særleg høg prioritet.
5. Grundig kartlegging og vurdering av konsekvensar for landskap og friluftsliv må vera del av utgreiinga. Fjellområdet mellom Blådalen og Åkrafjorden skal ha særleg høg prioritet.
6. Avbøtande tiltak i høve til fisk, landskap og friluftsliv skal vurderast.
7. Konesjonssøknad skal innehalda fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierende vassføring.
8. Bekkeinntak ved Krokavatn må primært trekkjast ut av planen; sekundært må det stillast krav om minstevassføring i bekken. Frå bekeinntaka frå Verahaugen og Kvanngørhorga må det stillast krav om minstevassføring.
9. Det skal leggjast kraftkabel frå Fjellhaugen kraftverk gjennom tilkomsttunnell og vidare i grøft til koplingsanlegget ved Blåfalli III slik hovudalternativet skisserer.
10. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfylling av undersøkingsplikta etter kulturminnelova.
11. Som del av planprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.